



TINE Råvare

Landsprognose for leveranse av kumjøl



Prognose mai 2019

INNHALD

<i>Meierileveranse av kumjøl</i>	2
<i>Kvoter og kvotefylling</i>	2
<i>Prognose for leveranse av kumjøl</i>	3
<i>Prognoseendringar 2019</i>	4
<i>Prognose for leveranse av økologisk mjøl</i>	5
<i>Prognose for feitt</i>	6
<i>Prognose for protein</i>	7
<i>Utvikling i kotal og kalvingar</i>	8
<i>Slakting</i>	9
<i>Mjølkekyr</i>	10
<i>Avdrått</i>	11

Alle raude tal i tabellane er prognosetal, medan faktiske tal er svarte. I grafane er prognosetala markert med stripla linjer og faktiske tal med heiltrekte linjer i ulike fargar for kvart år.



Meierileveranse av kumjølk

Leveranse kumjølk, mill. liter

	2015	2016	2017	2018	2019	Endring 2016		Endringer 2017		Endring 2018		Endring 2019	
						mill. ltr	%	mill.ltr	%	mill. ltr	%	mill. ltr	%
Jan	140.3	138.8	136.9	135.3	141.1	-1.5	-1.1 %	-1.9	-1.3 %	-1.6	-1.2 %	5.8	4.3 %
Febr	127.4	132.3	125.4	123.9	128.0	4.9	3.8 %	-6.9	-5.2 %	-1.5	-1.2 %	4.1	3.3 %
Mars	141.8	142.4	139.3	137.1	141.5	0.6	0.4 %	-3.0	-2.1 %	-2.2	-1.6 %	4.4	3.2 %
Apr	136.9	137.2	134.4	133.3	136.5	0.3	0.2 %	-2.8	-2.0 %	-1.1	-0.8 %	3.2	2.4 %
Mai	136.5	138.5	137.8	136.2		2.0	1.4 %	-0.7	-0.5 %	-1.6	-1.2 %		
Jun	126.0	124.4	122.9	122.3		-1.6	-1.3 %	-1.5	-1.2 %	-0.6	-0.5 %		
Jul	118.0	115.4	114.2	115.5		-2.6	-2.2 %	-1.2	-1.0 %	1.3	1.1 %		
Aug	113.4	112.3	110.7	112.8		-1.1	-1.0 %	-1.6	-1.4 %	2.1	1.9 %		
Sept	113.2	110.5	108.2	112.6		-2.7	-2.4 %	-2.3	-2.1 %	4.4	4.1 %		
Okt	122.2	118.8	117.6	125.2		-3.4	-2.7 %	-1.2	-1.0 %	7.6	6.5 %		
Nov	125.1	121.5	119.8	128.9		-3.6	-2.9 %	-1.7	-1.4 %	9.1	7.6 %		
Des	135.5	130.8	127.6	137.3		-4.7	-3.5 %	-3.2	-2.4 %	9.7	7.6 %		
Sum	1 536.2	1 522.8	1 494.9	1 520.4		-13.5	-0.9 %	-27.9	-1.8 %	25.5	1.7 %		
Sum pr. april	546.4	550.6	536.0	529.6	547.1	4.2	0.8 %	-14.6	-2.6 %	-6.4	-1.2 %	17.5	3.3 %

For februar, mars og april vart leveransane på respektive 128,0, 141,5 og 136,6 mill. liter. Dette er 3,3 og 3,2 % høgare enn for februar og mars 2018 og 2,4 % høgare for april. Avviket i forhold til prognosa i desember var på 0,8, 1,8 og 2,7 % for dei respektive månadene. Hittil i år (per april) er det levert 17,5 mill. liter (3,3 %) meir enn på same tid i fjor.

Kvoter og kvotefylling

	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Tal eigedomar	14 423	13 982	13 686	13 488	13 246	13 040	12 840	12 574
Tal foretak	10 284	9 824	9 464	9 131	8 815	8 581	8 146	7 831
Aktiv grunnkvote, mill. ltr	1 628	1 625	1 624	1 629	1 632	1 635	1 631	1 626
Forholdstall	7 %	3 %	3 %	3 %	0 %	-2 %	4 %	-2 %
Disponibel kvote, mill. ltr	1 742	1 674	1 687	1 678	1 632	1 603	1 697	1 594
Snitt disp. kvote, ltr	169 386	170 396	178 307	183 741	185 192	186 808	208 323	203 523
Produksjon, mill. ltr	1 533	1 517	123	124	125	121	1 520	1 502
Kvotefylling	88.0 %	90.6 %	7.3 %	7.4 %	7.7 %	7.6 %	89.6 %	94.2 %

Kvotåret 2013 er frå 1.3 - 28/29.2. Frå og med 2014 er kvotåret 1.1. - 31.12.

Kilde: Landbruksdirektoratet

Forholdstallet for disponibel kvote for 2019 er fastsett til 0,98. Produksjonstaket er 900 000 liter, mens det for 2018 vart heva med 4 prosent til 936 000. I 2018 var det 331 produsentar som selde 30,8 mill. liter. Dette er 81 produsentar fleire enn i 2017, og det er omsett 10,8 mill. liter meir enn året før.




Prognose for leveranse av kumjøl

	Mill. liter						Endring frå forrige år				
	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2015	2016	2017	2018	2019
Jan	135.5	140.3	138.8	136.9	135.3	141.1	3.5 %	-1.1 %	-1.3 %	-1.2 %	4.3 %
Febr	121.7	127.4	132.3	125.4	123.9	128.0	4.7 %	3.8 %	-5.2 %	-1.2 %	3.3 %
Mars	135.2	141.8	142.4	139.3	137.1	141.5	4.9 %	0.4 %	-2.1 %	-1.6 %	3.2 %
Apr	133.4	136.9	137.2	134.4	133.3	136.5	2.6 %	0.2 %	-2.0 %	-0.8 %	2.4 %
Mai	135.9	136.5	138.5	137.8	136.2	138	0.4 %	1.4 %	-0.5 %	-1.2 %	1.3 %
Jun	122.8	126.0	124.4	122.9	122.3	122	2.6 %	-1.3 %	-1.2 %	-0.5 %	-0.2 %
Jul	116.8	118.0	115.4	114.2	115.5	113	1.0 %	-2.2 %	-1.0 %	1.1 %	-2.2 %
Aug	111.5	113.4	112.3	110.7	112.8	110	1.7 %	-1.0 %	-1.4 %	1.9 %	-2.5 %
Sept	112.8	113.2	110.5	108.2	112.6	108	0.3 %	-2.4 %	-2.1 %	4.1 %	-4.1 %
Okt	121.6	122.2	118.8	117.6	125.2	117	0.4 %	-2.7 %	-1.0 %	6.5 %	-6.5 %
Nov	124.3	125.1	121.5	119.8	128.9	119	0.6 %	-2.9 %	-1.4 %	7.6 %	-7.7 %
Des	137.7	135.5	130.8	127.6	137.3	128	-1.6 %	-3.5 %	-2.4 %	7.6 %	-6.8 %
Sum	1509	1536	1523	1495	1520	1502	1.8 %	-0.9 %	-1.8 %	1.7 %	-1.2 %

Prognosa for 2019 er berekna til 1 502 mill. liter. Med eit avvik på +/- 1,0 % forventar vi eit intervall for leveransen i 2019 mellom 1 493 og 1 512 mill. liter. Det er størst usikkerheit knytta til nedre del av intervallet sidan reduserte kvoter tilseier at produksjonen må ned. Det er difor lite sannsynleg at leveransen vil komme i øvre del av intervallet.

Høgare avdrått og lågare slakting i vinter og vår har gitt høgare leveranse enn forutsett i førre prognose. Mangel på fôr på vårparten og forventa tilpassing til redusert kvote har ikkje slått ut på leveransane slik som venta. Tilbakemeldingar frå rådgjevarane tyder på at dei fleste produsentane har fôr til 1.juli, og at det er skepsis til å redusere kraftfôrforbruket no når produksjonen går så bra. Det er dermed forutsett at avdråtten og leveransen vil halde seg høg fram til beiteslepp. Tilpassing til kvote ser dermed ut til å skje hovudsakleg på seinsommar og hausten.





I 2019 er der forventa ein avdråttsauke på 3,0 % i første halvår med ein reduksjon mot 2018-nivå utover sommaren som følgje av kvotetilpassing. Hausten 2019 er det forutsett eit normalår når det gjeld avlingar, med høgare grovfôropptak og lågare kraftfôrforbruk. På grunn av stor auke i avdråtten hausten 2018, så er det lagt til grunn ein reduksjon i avdråtten siste halvår 2019. Årets fôring med mykje kraftfôr og innkjøpt grovfôr blir ei dyrare fôring enn basert på eigne grovfôrressursar, og det er difor forutsett lågare forbruk av kraftfôr hausten 2019. Tilpassing til kvote er forventa gjennom reduksjon i dyretal, og at avdråtten går ned som følgje av redusert kraftfôrforbruk.

Prognoseendringar 2018, mill. liter


	Prognosetidspunkt			Leveranse	Avvik *)	
	des.18	feb.19	mai.19		ltr	%
jan.19	140			141.1	1.1	0.8 %
feb.19	127	128		128.0	1.0	0.8 %
mar.19	139	139		141.5	2.5	1.8 %
apr.19	133	134		136.5	3.5	2.6 %
mai.19	134	135	138			
jun.19	120	121	122			
jul.19	113	113	113			
aug.19	110	110	110			
sep.19	108	108	108			
okt.19	117	117	117			
nov.19	119	119	119			
des.19	128	128	128			
Akk.apr.	539			547.1	8.1	1.5 %
Året 2019	1 488	1 493	1 502	*) Avvik er diff. mellom levert og prognose per des. 2018		

Hittil i år er det levert 8,1 mill. liter over prognosa før starten på året, ein auke på 1,5 %.

Prognose-tidspunkt	Mill. ltr	Endringar	Årsak til endring	Kommentar
des.18	1 488			Masterprognose 2018
mai.19	1 502		Lågare slakting og høgare avdrått	Leveransen første kvartal høgare enn venta



Prognose for leveranse av økologisk mjølk



	Mill. liter					Endring frå forrige år			
	2015	2016	2017	2018	2019	2016	2017	2018	2019
Jan	4.42	4.49	4.53	4.38	4.57	1.6 %	0.8 %	-3.2 %	4.3 %
Febr	4.04	4.26	4.11	3.98	4.11	5.4 %	-3.7 %	-3.1 %	3.3 %
Mars	4.37	4.68	4.50	4.38	4.50	6.9 %	-3.7 %	-2.8 %	2.7 %
Apr	4.23	4.39	4.41	4.30	4.38	3.6 %	0.6 %	-2.5 %	1.9 %
Mai	4.40	4.59	4.60	4.53	4.6	4.3 %	0.2 %	-1.5 %	1.5 %
Jun	4.21	4.10	4.27	4.19	4.2	-2.6 %	4.2 %	-1.9 %	0.2 %
Jul	4.04	3.91	4.10	4.18	4.1	-3.2 %	4.9 %	2.0 %	-1.9 %
Aug	3.94	3.92	4.08	3.92	3.8	-0.3 %	4.0 %	-3.9 %	-3.1 %
Sept	3.87	3.81	3.76	3.80	3.7	-1.6 %	-1.4 %	1.1 %	-2.6 %
Okt	3.93	3.94	3.91	4.02	3.9	0.3 %	-0.8 %	2.8 %	-3.0 %
Nov	3.98	3.97	3.86	4.07	3.8	-0.2 %	-2.9 %	5.5 %	-6.6 %
Des	4.30	4.30	4.09	4.38	4.0	0.0 %	-4.8 %	7.1 %	-8.7 %
Sum	49.7	50.4	50.2	50.1	49.7	1.3 %	-0.3 %	-0.2 %	-0.9 %
Akk.apr.	17.07	17.82	17.55	17.04	17.56	4.4 %	-1.5 %	-2.9 %	3.1 %


Prognosa for økologisk mjølk er basert på fjorårstal. For 2019 er forholdstalet redusert til 0,98 og prognosa er berekna til 49,7 mill. liter.

Leveransen for økologisk mjølk har også vore høg i vinter. Hittil i år (per april) er det levert 3,1 % meir økologisk mjølk enn på same tid i fjor. Tilpassing til kvote er også her venta utover sommaren og hausten.



Prognose feittprosent

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Endringar frå forrige år				
							2015	2016	2017	2018	2019
Jan	4.16	4.22	4.28	4.24	4.24	4.36	1.6 %	1.5 %	-1.0 %	0.0 %	2.8 %
Febr	4.15	4.24	4.27	4.26	4.27	4.37	2.0 %	0.9 %	-0.3 %	0.2 %	2.3 %
Mars	4.16	4.22	4.30	4.29	4.34	4.37	1.3 %	2.0 %	-0.3 %	1.2 %	0.7 %
Apr	4.19	4.27	4.29	4.29	4.30	4.38	2.0 %	0.5 %	0.0 %	0.2 %	1.9 %
Mai	4.17	4.26	4.28	4.27	4.23	4.34	2.1 %	0.5 %	-0.2 %	-0.9 %	2.6 %
Jun	4.14	4.26	4.24	4.22	4.20	4.28	2.7 %	-0.4 %	-0.5 %	-0.5 %	1.9 %
Jul	4.10	4.21	4.20	4.22	4.18	4.24	2.9 %	-0.3 %	0.5 %	-0.9 %	1.4 %
Aug	4.07	4.18	4.18	4.19	4.24	4.23	2.5 %	0.1 %	0.2 %	1.2 %	-0.2 %
Sept	4.18	4.21	4.23	4.24	4.33	4.26	0.9 %	0.4 %	0.2 %	2.1 %	-1.6 %
Okt	4.23	4.28	4.32	4.27	4.40	4.29	1.2 %	0.8 %	-1.2 %	3.0 %	-2.5 %
Nov	4.23	4.27	4.33	4.28	4.39	4.30	0.9 %	1.4 %	-1.2 %	2.6 %	-2.1 %
Des	4.23	4.26	4.26	4.26	4.37	4.28	0.9 %	-0.1 %	0.0 %	2.6 %	-2.1 %
Gj.snitt	4.17	4.24	4.27	4.25	4.29	4.31	1.7 %	0.6 %	-0.3 %	0.9 %	0.5 %



Prognosa for feittprosenten er heva sidan førre prognose som følgje av at feittprosenten har vore høgare i første tertial enn forutsett. Veid gjennomsnitt for 2019 er etter dette på 4,31 %. Med eit avvik på +/- 1 % vil feittprosenten ha eit sannsynleg intervall på 4,28 - 4,34 %.

Innefôring frå i fjor sommar og gode råvarer i kraftfôret har auka feittprosenten. Høgare kraftfôrmengder og auka avdrått har ikkje ført til redusert feittprosent slik som venta. Det skuldast først og fremst gode råvarer som stimulerer til høg feittprosent. Dette, saman med god gjæringskvalitet og strukturverdi på grovfôret og tilgang på ekstra struktur frå halm, har gitt ein sterkare auke i feittprosenten enn normalt for årstida.


Det er lagt opp til at feittprosenten vil gå ned hausten 2019 når fôrsituasjonen blir normal og kraftfôrmengdene går ned. Tilgangen på råvarer i kraftfôret er avhengig av råvaresituasjonen på norsk korn og import-kvoter på karbohydratkraftfôr. Dersom det blir eit godt norsk kornår vil det kunne redusere importen av fiberrike råvarer som blir brukt for å oppnå god høg feittprosent. God kvalitet på



grovfôret med høgt fôropptak vil kunne auke feittprosenten, men generelt har dette potensialet vore dårleg utnytta. Dei siste åra har det vore stort fokus på betre utnytting av grovfôret, men det krev ofte også betre avlingar eller større areal.

Prognose proteinprosent

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Endringar frå forrige år				
							2015	2016	2017	2018	2019
Jan	3.37	3.42	3.41	3.38	3.37	3.44	1.4 %	-0.3 %	-0.9 %	-0.3 %	2.1 %
Febr	3.36	3.41	3.41	3.39	3.39	3.44	1.5 %	-0.1 %	-0.6 %	0.0 %	1.5 %
Mars	3.38	3.42	3.43	3.40	3.42	3.44	1.0 %	0.3 %	-0.9 %	0.6 %	0.6 %
Apr	3.42	3.42	3.43	3.42	3.35	3.44	0.0 %	0.3 %	-0.3 %	-2.0 %	2.7 %
Mai	3.40	3.43	3.42	3.40	3.34	3.43	1.0 %	-0.4 %	-0.6 %	-1.8 %	2.7 %
Jun	3.38	3.44	3.40	3.40	3.33	3.41	1.8 %	-1.2 %	0.0 %	-2.1 %	2.4 %
Jul	3.37	3.42	3.37	3.37	3.35	3.39	1.6 %	-1.6 %	0.0 %	-0.6 %	1.2 %
Aug	3.36	3.44	3.41	3.39	3.40	3.40	2.2 %	-0.7 %	-0.6 %	0.3 %	0.0 %
Sept	3.48	3.47	3.44	3.43	3.48	3.42	-0.3 %	-0.7 %	-0.3 %	1.3 %	-1.6 %
Okt	3.46	3.46	3.47	3.42	3.50	3.43	0.2 %	0.2 %	-1.4 %	2.3 %	-1.8 %
Nov	3.44	3.43	3.45	3.41	3.47	3.42	-0.2 %	0.5 %	-1.2 %	1.8 %	-1.4 %
Des	3.42	3.41	3.41	3.39	3.46	3.39	-0.3 %	0.0 %	-0.6 %	2.1 %	-1.9 %
Gj.snitt	3.40	3.43	3.42	3.40	3.40	3.42	0.8 %	-0.3 %	-0.6 %	0.1 %	0.5 %



Prognosa for proteinprosenten er ikkje endra sidan førre prognose.

Auken i proteinprosent i haust og vinter er relatert til auka kraftfôrmengder og dermed betre kontroll på energiforsyninga. Det er forventet relativt stabil fôring fram til beiteslepp. Gjennomsnittet for 2019 er utrekna til 3,42 %, med eit intervall mellom 3,40- og 3,44 %. Talet for gjennomsnittleg proteinprosent for året er vekta mot månadsleveransen i tabellen.

Hausten 2019 er det venta at proteinprosenten går ned som følge av reduserte kraftfôrmengder og ein mindre energirik fôrrasjon.



Utvikling i kotal (mjølkekyr og ammekyr)

	1 000 stk per 1. januar, per 1.mars frå 2018								Endring frå foregåande år				
	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019*	2015	2016	2017	2018	2019
Mjølkekyr	237.6	238.8	229.6	228.3	227.2	221.2	218.6	215.1	-0.6 %	-0.5 %	-2.6 %	-1.2 %	-1.6 %
Ammekyr	65.6	67.5	68.8	71.9	75.5	83.0	91.1	92.8	4.5 %	5.0 %	9.9 %	9.8 %	1.9 %
Kyr totalt	303.2	306.3	298.4	300.2	302.7	304.2	309.7	307.9	0.6 %	0.8 %	0.5 %	1.8 %	-0.6 %

Kilde Landbruksdirektoratet, Statistikk frå søknad om produksjonstillegg

Foreløpige tal per 1.mars

Tal frå Landbruksdirektoratet viser ein nedgang i tal mjølkekyr per 1. mars 2018 på omlag 2 600 dyr frå året før, ein nedgang på 1,2 %. Foreløpige tal per 1. mars 2019 viser ein nedgang i tal mjølkekyr frå året før på 1,6 %. Tal ammekyr har auka dei siste åra; 9,9 % i 2017 og 9,8 % i 2018, men auken er mindre i 2019 med 1,9 %.

Kalvinger (mjølkekyr), faktisk og prognose

	2014						2015						Endring frå forrige år				
	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2015	2016	2017	2018	2019	2015	2016	2017	2018	2019	
Jan	17 850	17 495	17 941	18 226	17 706	18 093	-2.0 %	2.5 %	1.6 %	-2.9 %	2.2 %	-2.0 %	2.5 %	1.6 %	-2.9 %	2.2 %	
Febr	15 195	15 379	15 527	15 676	15 520	15 403	1.2 %	1.0 %	1.0 %	-1.0 %	-0.8 %	1.2 %	1.0 %	1.0 %	-1.0 %	-0.8 %	
Mars	15 090	14 903	15 208	15 078	15 035	14 700	-1.2 %	2.0 %	-0.9 %	-0.3 %	-2.2 %	-1.2 %	2.0 %	-0.9 %	-0.3 %	-2.2 %	
Apr	13 699	13 081	13 420	13 271	13 051	12 677	-4.5 %	2.6 %	-1.1 %	-1.7 %	-2.9 %	-4.5 %	2.6 %	-1.1 %	-1.7 %	-2.9 %	
Mai	13 437	13 226	12 986	12 942	12 808	12 645	-1.6 %	-1.8 %	-0.3 %	-1.0 %	-1.3 %	-1.6 %	-1.8 %	-0.3 %	-1.0 %	-1.3 %	
Jun	13 162	13 539	13 263	13 041	12 898	12 904	2.9 %	-2.0 %	-1.7 %	-1.1 %	0.0 %	2.9 %	-2.0 %	-1.7 %	-1.1 %	0.0 %	
Jul	17 213	17 965	17 738	17 396	16 932	16 876	4.4 %	-1.3 %	-1.9 %	-2.7 %	-0.3 %	4.4 %	-1.3 %	-1.9 %	-2.7 %	-0.3 %	
Aug	21 945	22 360	22 295	22 115	21 597	20 977	1.9 %	-0.3 %	-0.8 %	-2.3 %	-2.9 %	1.9 %	-0.3 %	-0.8 %	-2.3 %	-2.9 %	
Sept	29 512	29 680	29 495	29 104	28 544	28 091	0.6 %	-0.6 %	-1.3 %	-1.9 %	-1.6 %	0.6 %	-0.6 %	-1.3 %	-1.9 %	-1.6 %	
Okt	26 614	26 690	26 286	26 261	25 886	25 438	0.3 %	-1.5 %	-0.1 %	-1.4 %	-1.7 %	0.3 %	-1.5 %	-0.1 %	-1.4 %	-1.7 %	
Nov	20 596	20 709	20 911	20 545	20 067	19 614	0.5 %	1.0 %	-1.7 %	-2.3 %	-2.3 %	0.5 %	1.0 %	-1.7 %	-2.3 %	-2.3 %	
Des	20 036	20 110	19 795	20 110	19 312	19 003	0.4 %	-1.6 %	1.6 %	-4.0 %	-1.6 %	0.4 %	-1.6 %	1.6 %	-4.0 %	-1.6 %	
Sum	224 349	225 137	224 865	223 765	219 355	216 421	0.4 %	-0.1 %	-0.5 %	-2.0 %	-1.3 %	0.4 %	-0.1 %	-0.5 %	-2.0 %	-1.3 %	

Prognosa for delar av 2019 byggjer på opplysningar om insemineringsdata for 2018 og 2019. Det er venta ein nedgang i tal kalvingar i 2019 på 1,3 %.



Kuslaktning, faktisk og prognose

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Endring frå forrige år				
							2015	2016	2017	2018	2019
Jan	10 554	10 545	9 497	9 718	7 729	10 019	-0.1 %	-9.9 %	2.3 %	-20.5 %	29.6 %
Febr	7 736	6 696	7 356	6 451	5 528	5 964	-13.4 %	9.9 %	-12.3 %	-14.3 %	7.9 %
Mars	7 153	6 810	6 151	6 800	6 069	8 000	-4.8 %	-9.7 %	10.6 %	-10.8 %	31.8 %
Apr	4 947	5 969	6 572	4 567	6 621	5 800	20.7 %	10.1 %	-30.5 %	45.0 %	-12.4 %
Mai	5 440	5 849	6 449	7 128	6 634	6 700	7.5 %	10.3 %	10.5 %	-6.9 %	1.0 %
Jun	6 007	6 567	6 598	7 585	6 671	7 672	9.3 %	0.5 %	15.0 %	-12.1 %	15.0 %
Jul	4 144	4 236	4 344	5 374	6 023	5 722	2.2 %	2.5 %	23.7 %	12.1 %	-5.0 %
Aug	9 635	10 080	10 474	7 583	6 641	7 637	4.6 %	3.9 %	-27.6 %	-12.4 %	15.0 %
Sept	9 792	10 066	9 583	7 572	6 025	7 531	2.8 %	-4.8 %	-21.0 %	-20.4 %	25.0 %
Okt	9 632	9 851	10 305	11 554	10 094	12 618	2.3 %	4.6 %	12.1 %	-12.6 %	25.0 %
Nov	6 868	7 817	8 047	8 467	7 794	8 573	13.8 %	2.9 %	5.2 %	-7.9 %	10.0 %
Des	4 640	4 912	4 779	6 350	6 794	7 473	5.9 %	-2.7 %	32.9 %	7.0 %	10.0 %
Sum	86 548	89 398	90 155	89 149	82 623	93 709	3.3 %	0.8 %	-1.1 %	-7.3 %	13.4 %

Slaktedata for mjølkekyr er frå kukontrollen og statistikkar som blir lagt fram månadsvis. Prognosa er basert på slakta kyr førre år og endring i telledatoar. På grunn av omlegging av søknadsfristar for produksjonstillegg til 1. mars (og 1. oktober) er fordelinga av slakt endra. Det vart mindre slakting i mars enn forutsett i førre prognose, men endelege tal er ikkje klare. Det er venta at tilpassing til eit forholdstal på 0.98 vil skje gjennom reduksjon i dyretal med auka slakting utover hausten.



Mjølkekyr, faktisk og prognose

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Endring frå forrige år				
							2015	2016	2017	2018	2019
Jan	229 650	228 300	227 200	221 182	218 164	217 927	-0.6 %	-0.5 %	-2.6 %	-1.4 %	-0.1 %
Febr	226 522	225 216	225 196	219 398	217 441	214 725	-0.6 %	0.0 %	-2.6 %	-0.9 %	-1.2 %
Mars	225 442	225 651	224 937	220 094	218 601	215 054	0.1 %	-0.3 %	-2.2 %	-0.7 %	-1.6 %
Apr	224 781	225 311	225 322	219 875	218 734	213 377	0.2 %	0.0 %	-2.4 %	-0.5 %	-2.4 %
Mai	224 286	224 345	223 517	220 141	216 487	212 085	0.0 %	-0.4 %	-1.5 %	-1.7 %	-2.0 %
Jun	222 898	223 044	221 205	216 670	213 739	209 503	0.1 %	-0.8 %	-2.1 %	-1.4 %	-2.0 %
Jul	221 132	220 927	218 967	212 965	211 044	205 935	-0.1 %	-0.9 %	-2.7 %	-0.9 %	-2.4 %
Aug	223 750	224 100	221 540	213 821	211 224	206 651	0.2 %	-1.1 %	-3.5 %	-1.2 %	-2.2 %
Sept	222 410	222 678	219 310	215 081	213 358	207 797	0.1 %	-1.5 %	-1.9 %	-0.8 %	-2.6 %
Okt	223 849	224 028	220 904	219 258	218 995	212 000	0.1 %	-1.4 %	-0.7 %	-0.1 %	-3.2 %
Nov	224 484	224 368	220 230	217 599	218 334	209 592	-0.1 %	-1.8 %	-1.2 %	0.3 %	-4.0 %
Des	225 285	224 367	219 852	216 993	217 897	209 146	-0.4 %	-2.0 %	-1.3 %	0.4 %	-4.0 %
Gj.snitt	224 541	224 361	222 348	217 756	216 168	211 149	-0.1 %	-0.9 %	-2.1 %	-0.7 %	-2.3 %

Siste endelege tal er på basis av telledato per 1. oktober 2018, men foreløpige tal per 1.mars 2019 viser lågare tal mjølkekyr enn forutsett i førre prognosa, om lag 3000 dyr færre. På grunn av mindre slakting i mars enn forutsett vil noko av effekten bli borte. Tabellen viser forventta tal på mjølkekyr ved inngangen til kvar månad. Det er forventta ein reduksjon i 2019 på 2,3 % i forhold til i 2018, og ein tilsvarende reduksjon er venta i tal mjølkande kyr (-2,4 %).

Mjølkande kyr

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Endring frå forrige år				
							2015	2016	2017	2018	2019
Jan	185 668	184 678	183 770	177 755	175 752	175 747	-0.5 %	-0.5 %	-3.3 %	-1.1 %	0.0 %
Febr	184 447	184 597	184 363	179 511	178 102	176 027	0.1 %	-0.1 %	-2.6 %	-0.8 %	-1.2 %
Mars	184 275	185 976	186 070	181 399	180 314	177 045	0.9 %	0.1 %	-2.5 %	-0.6 %	-1.8 %
Apr	185 665	186 596	187 141	183 465	181 463	177 395	0.5 %	0.3 %	-2.0 %	-1.1 %	-2.2 %
Mai	185 638	185 287	185 264	181 970	179 226	175 627	-0.2 %	0.0 %	-1.8 %	-1.5 %	-2.0 %
Jun	180 213	179 847	178 161	173 911	171 937	168 164	-0.2 %	-0.9 %	-2.4 %	-1.1 %	-2.2 %
Jul	171 851	171 756	168 740	163 502	161 779	158 064	-0.1 %	-1.8 %	-3.1 %	-1.1 %	-2.3 %
Aug	166 877	166 607	163 195	158 767	157 166	153 417	-0.2 %	-2.0 %	-2.7 %	-1.0 %	-2.4 %
Sept	169 220	168 674	165 312	163 123	162 388	157 663	-0.3 %	-2.0 %	-1.3 %	-0.5 %	-2.9 %
Okt	175 538	174 832	171 212	169 546	170 091	163 963	-0.4 %	-2.1 %	-1.0 %	0.3 %	-3.6 %
Nov	179 955	178 496	174 437	172 260	173 510	166 563	-0.8 %	-2.3 %	-1.2 %	0.7 %	-4.0 %
Des	183 389	181 581	176 453	173 586	175 238	168 280	-1.0 %	-2.8 %	-1.6 %	1.0 %	-4.0 %
Gj.snitt	179 395	179 077	177 010	173 233	172 247	168 163	-0.2 %	-1.2 %	-2.1 %	-0.6 %	-2.4 %




Avdråttsutvikling

Gjennomsnittleg dagsavdrått i kukontrollen (kg mjølk per ku og dag)

							Endring frå forrige år				
	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2015	2016	2017	2018	2019
Jan	25.68	26.07	26.26	26.53	26.53	27.31	1.5 %	0.7 %	1.0 %	0.0 %	2.9 %
Febr	25.60	26.25	26.38	26.67	26.50	27.33	2.5 %	0.5 %	1.1 %	-0.6 %	3.1 %
Mars	25.50	26.03	26.16	26.42	26.14	27.20	2.1 %	0.5 %	1.0 %	-1.1 %	4.1 %
Apr	25.30	25.76	25.95	26.09	26.02	26.93	1.8 %	0.7 %	0.5 %	-0.3 %	3.5 %
Mai	25.14	25.44	25.72	25.90	25.95	26.73	1.2 %	1.1 %	0.7 %	0.2 %	3.0 %
Jun	24.87	25.24	25.48	25.63	25.65	26.29	1.5 %	1.0 %	0.6 %	0.1 %	2.5 %
Jul	24.54	24.95	25.10	25.22	25.42	25.67	1.7 %	0.6 %	0.5 %	0.8 %	1.0 %
Aug	24.22	24.55	24.75	24.76	25.17	25.01	1.4 %	0.8 %	0.0 %	1.7 %	-0.6 %
Sept	24.12	24.60	24.75	24.57	25.14	24.82	2.0 %	0.6 %	-0.7 %	2.3 %	-1.3 %
Okt	24.46	24.90	25.00	24.84	25.66	25.14	1.8 %	0.4 %	-0.6 %	3.3 %	-2.0 %
Nov	25.22	25.57	25.61	25.52	26.45	25.83	1.4 %	0.2 %	-0.4 %	3.6 %	-2.4 %
Des	25.76	26.12	26.21	26.07	27.05	26.38	1.4 %	0.3 %	-0.5 %	3.8 %	-2.5 %
Gj.snitt	25.03	25.46	25.61	25.69	25.97	26.22	1.7 %	0.6 %	0.3 %	1.1 %	0.9 %

Siste tal frå kukontrollen viser at avdråttsutviklinga har halde seg høg gjennom vinteren som følgje av høge kraftfôrmengder. Grovfôret har bra gjæringskvalitet, men middels energiverdi. Det blir gitt halm som tilleggsfôr for å dekkje fiberbehovet, og det krev auka kraftfôrmengder for å oppretthalde avdråtten. I 2019 er det forutsett ein avdråttsauke på i gjennomsnitt 3,0 % første halvår og nedgang utover sommaren på beite når kraftfôrmengdene blir redusert. Siste halvår er det venta nedgang i avdråtten dersom det blir eit normalt avlingsår med reduserte kraftfôrmengder og tilpassing til kvoter.



TINE Råvare

